

**Norsk etnologisk gransking**  
Norsk Folkemuseum  
Postboks 720 Skøyen  
0214 Oslo  
E-post: [eli.chang@norskfolkemuseum.no](mailto:eli.chang@norskfolkemuseum.no)

Oslo, februar/mars 2014

Særemne nr. 64

## **VAL AV ETTERNAMN**

Den som svarer på undersøkinga er innforstått med at svaret blir arkivert (anonymt) og blir brukt av forskarar i dag og i framtida. Brukarar av materialet pliktar å verne opphavs-  
personens og eventuelt andre personars integritet.

Mange endrar etternamn og mellomnamn ein eller fleire gonger i livet. Det vanlegaste har vore å byte ved giftarmål, men vala folk gjer er forskjellige, og folk har ulike grunnar til å halde på eller velje nye namn.

Til eit forskingsprosjekt om val av etternamn vil eg gjerne vite meir om kva folk har gjort og gjer, eller trur dei vil gjere. Svara som kjem inn blir arkivert, og nytta anonymt i forskinga mi.

Skriv gjerne lange og detaljerte svar!

Med vennleg helsing

Line Grønstad  
konservator  
Norsk etnologisk gransking

[line.gronstad@norskfolkemuseum.no](mailto:line.gronstad@norskfolkemuseum.no)

### **Val av etternamn**

Mange byter namn ved spesielle hendingar i livet som til dømes giftarmål, når ein får barn, eller ved skilsmisse. Har du, partnaren din eller andre rundt deg bytta etternamn (og mellomnamn)?

Kva gjorde du/dei? Kvifor vart byttet gjort, og kvifor valde du/dei den måten å gjere det på?

Dersom du har haldt på ditt eige etternamn (og mellomnamn), kvifor det?

Kva slags reaksjonar har du/dei fått på å endre eller ikkje å endre namn?

Korleis har de velt etternamn (og mellomnamn) til eventuelle barn?

Dersom du ikkje har vore i ein slik situasjon, ville du ha bytta etternamn eller ønskt at partnaren tok ditt? Kvifor? Kva med etternamn (og mellomnamn) til eventuelle barn?

## **NORSK ETNOLOGISK GRANSKING - FØRSTEARK**

Fyll ut og send inn saman med svaret.

Namn og adresse blir ikkje gitt vidare til dei som skal forske på svara.

Namn:

Adresse:

Kvar bur du (fylke/kommune):

Fødselsår:

Yrke (evt. før pensjonsalder):

Opplysningane er henta frå (fylke/kommune):